



Austevoll kommune

FAGNE AS
v/ Vidar Sagen-Roland

Dykkar referanse

Vår referanse

Dato

2025/20-22

05.03.2025

Høyringssvar frå Austevoll kommune - høyring av konsesjonssøknad om ny 132 kV sjøkabel Reksteren/Tysnes og Otterå/Austevoll

Vi viser til dykkar brev datert 4. februar 2025, der de sender søknad om konsesjon etter energilova for ny 132 kV sjøkabel mellom Tysnes og Austevoll på høyring.

På vegne av Austevoll kommune v/kommunestyret ynskjer vi å gje fylgjande tilbakemelding på konsesjonssøknaden:

Austevoll kommune ser positivt på tiltaket og meiner det er svært viktig for å sikra ei robust straumforsyning til kommunen. Dagens kabel mellom Tysnes og Austevoll er ein 66 kV oljetrykkskabel frå 1978, med ein stadig aukande risiko for feil og redusert forsyningssikkerheit. I tillegg gjer eit aldrande utstyr auka risiko for miljøforureining.

Den nye kabelen vil auke kapasiteten til Austevoll, noko som er ein føresetnad for samfunnsutvikling i kommunen. I tillegg til å styrkja forsyningstryggleiken vår, vil dette prosjektet og gjere det mogleg å ta ut større effekt i framtida. Vi ser eit auka kraftbehov knytt til elektrifisering i næring samt at kommunen har vekt i befolkninga. Overgangen til ein 132 kV kabel vil sikra at Austevoll kan handtere framtidige krav til straumforsyning, inkludert nye industriprosjekt, elektrifisering av havbruk og fiskeri, samt framtidig bustadbygging.

Tiltaket vil bidra til å styrke Austevoll sin posisjon som ein attraktiv kommune for næringslivsetablering, samtidig som det sikrar berekraftig vekst i tråd med regionale og nasjonale mål om grøn omstilling.

Når det gjeld miljø, ser vi det som positivt at det er lagt opp til ein trase som unngår dei mest sårbare områda i Langenuen, og at ein gjer ei opprydding ved Otterå, ved at kabelen vert lagt i grøft og ikkje i luftlinje. I seg sjølv er det svært positivt at ein erstattar den gamle oljetrykkskabelen slik at ein reduserer risikoen for miljøforureining.

Totalt sett ser Austevoll kommune det som svært positivt at dette prosjektet kjem i gong, og vi håpar at konsesjonssøknaden vil kunne innvilgast gjennom NVE sin hurtigsporprosess, slik at prosjektet kan realiserast så snart som mogleg.

Med helsing

Austevoll kommune



Bente Kari Sletten Taranger
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent.